

# FORSKRIFT OM VASS- OG AVLAUPSGEBYR I MELAND KOMMUNE

vedtatt i Kommunestyret den 17.12.2014 i medhald av Lov av 16. mars 2012 om kommunale vass- og avløpsanlegg, og Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning av § 16.1 andre ledd. Forskrifta erstattar eldre forskrift etter gamalt lovverk, første gong vedtatt 19.12.2001.

## I. GENERELLE FØRESEGNER

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og avlaupstenester levert av kommunen.

Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov av 16. mars 2012 om kommunale vass- og avløpsanlegg
2. Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning av § 16.1 andre ledd
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument
  - Gebyrregulativ
  - Tenestedeklarasjon
  - KS sine standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup (Tekniske og administrative avgjelder).

## §1 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta bestemmer utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avlaupstenestene kommunen leverer.

## § 2 VERKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen, sjå definisjon i § 3.

## § 3 DEFINISJONAR

- *Abonnent:*  
Eigar/festar av eigedom med eige gardsnummer, bruksnummer/festenummer og som har påståande bygg som er eller skulle vore registrert i matrikkelen med eige gardsnummer, bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer, og som er tilknytt kommunalt vatn – og/eller kommunal avlaupsleidning direkte eller gjennom privat leidingsnett. Dersom abonnenten også eig husvære som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer, skal også slike husvære betale gebyr som ein abonnent, men huseigar er ansvarleg for at pålagde gebyr vert betalt.  
Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av §§ 27-1 og 27-2 i Plan- og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avlaupsleidning.
- *Abonnementsgebyr:*  
Den faste delen av årsgebyret, som skal dekke dei faste utgiftene til kommunen for vass- og/eller avlaupstenester.
- *Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla):*  
Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar:
  - Arealet innanfor dei omslutta veggane i bustaden og
  - Del av fellesareal som hører til bustaden, men som ligg utanfor dei omslutta veggane i bustaden.

For detaljar, sjå NS 3940.

- *Bruksendring:*  
Med endring i bruken av eigedommen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.
- *Eingongsgebyr for tilknyting:*  
Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avlaupstenester.
- *Felles privat stikkleidning:*  
Privat leidning eigm i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnettet via den felles private stikkleidning.
- *Forbruksgebyr:*  
Den variable delen av årsgebyret som blir betalt etter forbruk (målt eller stipulert).
- *Fritidsbustad/hytte:*  
Fast eigedom med bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte.
- *Gebyrregulativet:*  
Gebyrregulativet er namnet på den gjeldande prisoversikta for vass- og avlaupsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet blir oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- *Næringsverksem:*  
Forretningsverksem.
- *Offentleg verksem:*  
Verksem driven av stat, fylkeskommune eller kommune.
- *Stipulert forbruk:*  
Stipulert forbruk er forventa forbruk hos ein abonnent fastsett på basis av bygningsarealet.
- *Tenestedeklarasjon:*  
Eit dokument som gjer greie for rettane og pliktene til abonnentane og kommunen, kva som skjer når desse ikkje blir etterlevd og kva for høve til å klage som finst.
- *Årsgebyr:*  
Det samla gebyr som blir betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass og/eller avlaupstenestene i kommunen. Årsgebyret er samansett av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

## II. VASS- OG AVLAUPSGEBYR

### § 4 GEBYRTYPAR

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avlaupstenester:

- Eingongsgebyr for tilknyting
- Årsgebyr (abbonementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for mellombels tilknyting

### § 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg krev at det blir betalt eingongsgebyr for tilknyting til vass- og/eller avlaupstenester.

Eingongsgebyr skal betalast av ein abonnent når abonnenten vert tilknytta kommunal vass- og/eller avlaupsleidning enten direkte eller gjennom privat leidningsnett. Ved ombygging/endring av noverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytningsgebyr. Ved reduksjon i tal abonnentar vert tidlegare betalt tilknytningsgebyr ikkje attendebetalt.

Eingongsgebyret skal vere likt for alle abonnentar innan same kategori og skal betalast ved tilknyting første gong.

Storleiken på gebyret blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *Gebyrregulativet*.

For kulturorganisasjonar gjeld eigne retningsliner for eingongsgebyr for tilknyting, vedteke av kommunestyret i sak 100/02.

## § 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyret for både vass- og avlaupstenester betalast av alle abonnentar og er samansett av to delar:

- abonnementsgebyr
- forbruksgebyr

Samla abonnementsgebyr for kommunale vasstenester skal dekkje dei forventa faste årsutgiftene knytt til vasstenester i kommunen. Resten blir dekt gjennom forbruksgebyret.

Samla abonnementsgebyr for kommunale avlaupstenester skal dekkje dei forventa faste årsutgiftene knytt til avlaupstenester i kommunen. Resten blir dekt gjennom forbruksgebyret.

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigedommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av *Gebyrregulativet*.

### ABONNEMENTSGEBYR

Abonnementsgebyr blir differensiert etter brukarkategori. Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler ein like stor fast sum, som går fram av *Gebyrregulativet*.

- Abonnementsgebyr for næring  
Betalast av næringseigedommar, offentlege verksemder og burettslag
- Abonnementsgebyr for bustad.  
Betalast av andre abonnentar

### FORBRUKSGEBYR

Næringseigedommar og offentlege verksemder betaler forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>. Forbruket blir målt med installert vassmålar.

Andre abonnentar betaler etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m<sup>3</sup>, evt. etter stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m<sup>3</sup>. Omregningsfaktor for stipulert forbruk [m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>] er definert i *Gebyrregulativet*.

For alle abonnentar gjeld at avlaupsmengd blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 8.

Om forskrifta ikkje krev installering av vassmålar kan både kommunen og abonnementen krevje at forbruksgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

## **§ 7 LEIGE AV VASSMÅLAR**

For installasjon, bruk og leige av vassmålar gjeld reglementet i kommunen.

Kostnader for installasjon, drift, avlesing m.m. betalast av abonnenten. Pris for leige av vassmålar går fram av *Gebyrregulativet*.

## **§ 8 AVVIK I ÅRSGBYRET**

Dersom avlaupsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avlaup bli basert på målt eller stipulert/utrekna avlaupsmengd (utslip).

For næringsverksem og offentleg verksem der samansetjinga av avlaupsvatnet skil seg ut frå vanleg husholdningsavlaup og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avlaupsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avlaup basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avlaup gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Tilhøve som gir grunnlag for reduksjon i gebyra går fram av *Tenestedeklarasjonen* i kommunen.

## **§ 9 MELLOMBELS TILKNYTING**

Med mellombels tilknyting meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men kor bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr etter gjeldande reglar for næringsverksem, med årleg avrekning i samsvar med den tida tilknytinga er operativ.

Ein skal ikkje betale eingangsgebyr for tilknyting, men alle kostnader ved tilknyting og fråkopling blir belasta eigar/festar av eigedommen.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om vidareføring.

## **§ 10 PÅLEGG OM UTBETRING**

Kommunen kan gje abonnenten eit pålegg om utbetring av eigne avlaupsanlegg innan ein gjeven frist, jfr. Forurensningslova § 7. Etter Forurensningslova § 73 kan ein gje forureiningsgesbyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut. Om den ansvarlege ikkje etterkjem pålegget kan kommunen sørge for iverksetjing av tiltaka, jfr. Forurensningslova § 74.

Kommunen kan oppmode abonnenten å utbetre eigne drikkevassanlegg innan ein tidfest frist som grunnlag for å fastsetje vassforbruket. Om forholdet ikkje er utbetra når fristen har gått ut, fastsetjast årsforbruket.

## **§ 11 INNBETALING AV GEBYR**

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknyting til abonnenten samstundes som igangsettingsløyve (byggeløyve) blir gitt eller når eksisterande bygg blir tilknytt kommunal leidning. Eingongsgebyret må vere innbetalt før tilknyting skjer.

Abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr blir kravd inn på felles faktura og blir fordelt over 3 terminar pr. år.

Gesbyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk blir gjort ein gong i året. Forbruksgebyret blir betalt à konto fordelt over 3 terminar basert på forbruket for fjaråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnenten skal varslast før slik endring finn stad.

Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyret når gesbyrpliktig eigedom fysisk blir kopia frå kommunen sitt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak opphører abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombert er motteke. Ny tilknyting av eigedommen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknyting.

Kostnader ved fråkopling og ny tilknyting dekkjast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter tilvising frå kommunen.

### **III. AVSLUTTANDE FØRESEGNER**

#### **§ 12 INNKREVJING AV GESBYR**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter "Lov om pant" § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

#### **§ 13 VEDTAKSMAKT**

Vedtak etter denne forskriften blir fatta av Rådmannen etter delegert fullmakt frå Kommunestyret.

#### **§ 14 KLAGE**

Avgjersle etter forskriften som er einskildvedtak følgjer kap. IV-VI i forvaltningslova, og kan påklagast. Klagen blir send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om gesbyra sin storlek er forskrift og vedtas av kommunestyret, jfr. kap. VII i Forvaltningslova.

#### **§ 15 IVERKSETJING**

Endra forskrift trer i kraft 01.01.2015.

Tidlegare forskrift vert oppheva frå same dato.

